

## Misjon i leiartrening for ungdom – døme frå Strand sokn:

*Ressursen presenterer leiartrening over eitt år med fokus på misjon. Ungdommane har praksis i konfirmantarbeid, på konfirmantleir og i vanleg undervisning og det blir gitt døme på korleis ein kan lage og gjennomføra misjonstivoli på konfirmantleir. Ressursen drøftar òg om tur kan vera eit relevant innslag i leiartreninga.*

Strand sokn har ca 4500 innbyggjarar, med ca 60 barn i årskulla. Me har leiartrening for 15-18 -åringar saman med nabosoknet Jørpeland. Har hatt 20-30 leiarar til saman og køyrt fellessamlingar på undervisningssamlingane. Dei møtest òg på to fellesopplegg som me har i konfirmantarbeidet i løpet av året.

Leiarane har praksis i konfirmantarbeidet. Opplegget varer eitt år, men me køyrer ulike opplegg for å ha variasjon for dei som er med som leiarar over fleire år. Varierer mellom opplegget MILK, Loved frå Acta og 2:2. Leiartreninga startar med ei samling over to dagar med overnatting, og så 4 kveldar utover haust og vinter.

To prester, kateket, ungdomsarbeidar og kateket/ungdomsarbeidar er med på leiartreninga, med ungdomsarbeidar som hovudansvarleg.

### **Opplegget inneheld:**

- 2 t tema om misjon på leiartrening
- lage til misjonstivoli
- gjennomføre misjonstivoli på konfirmantleir.
- som avslutning på leiartreninga: Tilbod om tur til misjonsprosjekt som arbeider med ungdom i England eller Estland, i samarbeid med NMS.
- motivera unge til å reisa på TMF, Tenmisjonsfestival på Åpta i august.

Konfirmantåret startar med konfirmantleir over 3 dagar i samarbeid med misjonsorganisasjonen som eig leirstaden (NMS), der dei bidrar med misjonstema på leiren. Me bruker Furutangen leirstad som ligg i naboprestegjeldet.

På første leiarsamling har me om misjon, og leiarane får i oppgåve å lage misjonstivoli som dei arrangerer på konfirmantleiren. Det går ut på å lage aktivitetar/postar som konfirmantane då betaler for.

Misjonstivoliet føregår på konfirmantleiren, etter at konfirmantane har hatt misjon som tema på undervisninga og lært om misjonsprosjektet som pengane går til.

### **Misjonstivoli – praktiske tips**

Lurt å ha med ein del utstyr det kan vere aktuelt å bruke til misjonstivoli;

Kamera, sminke, ingrediensar til lapperøre, steiketakke, piler, ballongar, valuta, bank,- korleis gjer ein det, pris.

Me hadde ein bank der dei betalte inn pengar, og fekk så ein lapp der beløpet dei hadde betalt stod på lappen. Etter kvart som dei handla, skreiv leiaren på posten kor mykje dei handla for. Det hadde sikkert vore bedre å laga eigen valuta.

Misjonstivoli er veldig praktisk, lett å få leiarane med på, og det engasjerte dei. ”Dette skulle me hatt ein plass der endå fleire kunne få vera med, så kunne me fått inn meir pengar,” uttalte ein av leiarane etter at misjonstivoliet var ferdig.

**Tur som innslag i leiartreninga?**

Tur er kjekt sosialt, viktig for å skape fellesskap: ”vi”-følelse, oppleve misjon på nært hald, skape engasjement, utfordre til å gi-vidare. Tur kostar pengar, er dei ein rett måte å bruke pengar på? Skal me ha innsamlingsaksjon for å gjere turen billegare for deltakarane? Me har erfaring med loppemarknad og utlodding som måtar å få inn pengar på.

Dersom det er mogeleg, vil det vera eit gode å knytte ungdommane opp til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Då kan dei få eit nærare forhold til det prosjektet, og kanskje fortelje om turen og opplevingane på ungdomsarbeid eller neste års konfirmantleir og for andre i kyrkjelyden. Som kyrkjelyd har me misjonsprosjekt i Mali, og det ikkje aktuelt å reise dit.

Me har lyst å ha ein tur der dei møter ungdom, slik at dei kan bli kjent med andre kristne ungdomar, der både kyrkja si stilling og kvardagen er annleis.

Språk – det er ein fordel at dei kan engelsk.

Når på året? Det er mest ideelt med mai/juni, konfirmanttida er over, og rolegare tider for dei tilsette, men kjem då i konflikt med eksamenstid for ungdomane, så del av vinterferien, eller starten av påskeferien er meir reelt. Treng meir enn ei vanleg helg.

NMS har prosjekt både i Estland og England der ein arbeider mot ungdom, og der norske ungdomar er ”eittåringar”. Ein kan kontakte NMS for å knytte kontakt med misjonærane som arbeider der, og få råd om kor det kan vere aktuelt å reise.

Ungdommane blir engasjert når dei arbeider med dette, men det druknar nok lett i alt anna dei får informasjon om, så ein tur er viktig for at dei kan få egne erfaringar og oppleve dette på nært hald.

Dette kan lett overførast til den organisasjonen det er aktuelt å samarbeide med om misjon.

Bodil Sande Turøy, kateket i Strand

[Bodil.Sande.Tuoy@strand.kommune.no](mailto:Bodil.Sande.Tuoy@strand.kommune.no)